



Bygg & Eiendom Vest AS
Daniel Ulvatn
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4620 - 21/9298

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
09.12.2021

Mellombels bruksløyve til ei bustadeining i firemannsbustad på gbnr. 131/318 - Vardemyrvegen 31

Administrativt vedtak. Saknr: 168/21

Vi syner til søknad motteke den 08.12.2021.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.04.2022.

Saksutgreiing:

Det er den 08.12.2021 kome inn søknad om mellombels bruksløyve på ein bustadeining med adresse Vardemyrvegen 31 der ein firemannsbustad er under bygging på gbnr. 131/318. Ansvarleg søker/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeidar. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka.

Ansvarleg søker/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert gjenstående arbeide som følgjande:

-Ferdigstille terrasse.

-Ferdigstille bolig utvendig.

Ansvarleg søker/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: **01.04.2022.**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist, så er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyre. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

Lykke til med vidare arbeid og framdrift!

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Austrheim kommune
Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Bygg & Eiendom Vest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER